

Joh 17, 6 – 11

Jesus ber for alle sine. Evangelieteksten vi nett hørde finn stad etter eit måltid. Judas har gått i natta. Jesus har vaska føtene til vennene sine og tørka dei. Når dei no uroar seg framfor døden hans, roar han dei ned: La ikkje hjarto dykkar bli grepne av angst. Og så ber han for alle sine som vi nett hørde eit utdrag frå.

Gode venner, vi er ved Jesu føter her i Frogner kirke også, -for hente kraft, mot og styrke: Som vi ser: «Jeg vil gi eder hvile.»

Vi er samla i eit innvigd rom for kyrkja, eit heilagt rom, annleisrom, og dei som var her då denne kyrkja blei innvigd i 1907, og/eller dei av dykk som måtte ha vore i Bygdøy under biskopens vigsling 26. mai 1968, hørde då dei to tekstane som blei lesne før dagens evanglietekst: Den eine er lagt i kong Salomos munn. Han ber om at guds augo må våke over dette huset natt og dag.

Den andre kjem frå eit brev i det Nye testamentet, Efeserbrevet. Vi blir minna om at hjørnesteinen Jesus Kristus held heile bygningen saman.

Desse to tekstane inngår i kirkas liturgi/ritual for vigsling av  
KIRKER/kirkebygg,

La oss kvile i at dette er fundamentet for det rommet vi no sit i.

....

**Vi** er her no 15. mai 2022. Vi er alle oss menneske som sit her - i ulike variantar, sterkt og svak truande, unge – eldre, streite og skeive, og dei aller yngste Ebba og Victor Isac er teikna med krossmerke og døypte inn i kyrkja i dag. Gratulerer med dåpsdagen!

- Jesus ber for alle sine. Det er litt utfordrande synes eg, å seie noko om ord som blir sagt i bøn.

Når eg ber, så ber eg for noko: for maten, - for vern av naturen,

og for dei av oss som har det vondt, for menneske på flukt,.

Eg må sei eg stussar litt når Johannesevangeliet legg *desse* orda i Jesu munn:

«Jeg ber ikke for verden, men for dem du har gitt meg, for de er dine.»

Nei vel?

Betyr det at vi ikkje skal be for verda, men *berre* for oss sjøl og andre kristne?

Nei, det kan eg ikkje skjønne. - I alle gudstjenester ber vi som kyrkje og for verden og det skal vi halde fram med!

- Og i mai 2022 er det viktigare enn nokon gong å be for fred, rettferd og trygghet for alle menneske, same kva tru dei har og kor dei kjem frå.

Eg håpar at de som meg møter bibeltekstane med nyskjerrighet og undring.

Gjerne stanse opp ved stader og vers og ord kor det kan butte.

Så kva betyr så «verden» i Johannesevangeliet? Det er faktisk eit ord Johannes brukar ofte, ja, om du les gjennom Johannesevangeliet, noko eg vil anbefale på det varmaste,

så vil du støyte på ordet «verden» i alle fall 78 gonger. «Kosmos» på gresk omsett til «verden» på norsk.

Du vil oppdage at det er eit tvitydig ord:

På den eine sida skal disiplane ikkje skikke seg like «verden», og Jesus seier dei er «i verden, men ikkje av verden.»

**På den andre sida** startar Johannesevangeliet med å fortelle at « Han var i verden, og verden er blitt til ved ham,»

Og kanskje det mest kjente bibelordet, slår fast at Gud ikkje berre har skapt verden, men også elsker ho høgt: «For så høyt har Gud elsket verden, at han ga sin Sønn, den enbårne.»

Verden er et tvitydig ord i bibelen, og det er den også på norsk: Vi snakkar om å reise ut i verden, om brød for verden, og samtidig kan «verdslig» bety noko

negativt, eller noko det ikkje er så farleg med. Karlson på taket, for eksempel, han seier ofte at noko er «verdslig». «Det er en verdslig ting», seier han og då betyr det at det ikkje er så viktig, det er berre ein ting.

Ordet verden er kanskje tvitydig fordi verda er tvitydig. Elska og storarta **ja**, men også full av farar og utfordringar.

Eg stansa litt ved «verda» no, og fordi ein del folk i min generasjon og eldre har fått høyre frå preikestolar at vi ikkje skal «skikke oss lik verden», og det har blitt tolka som om at dans og teater, ja alt som er morro , ikkje er gudvilla.

Vi er i verda. Og Jesus ber om at vi skal bli bevart og vere trygge og om EINHEIT. Og les vi dagens evangelietekst i notid, er det ein fantastisk visjon av oss som sit her, som blir malt ut: Kirka er eitt, «bevar oss i Guds navn, så vi kan være ett, slik som guds son og gud er ett.»

Det må ikkje bety at vi alle her må vere einige i ett og alt. Om litt tek vi imot nattverd, vi får del i brødet og vinen same kva og kven vi er og meiner og eitt og hint. Det er i dette dåp og nattverdfellesskapet vi erfarer oss som eitt , ei kyrkje, eit trusfellesskap, ikkje meningsfellesskap.

Dei tre statuane der, Olav den hellige, Luther og Hauge, kan minne oss på kor mangfaldige også kirkas tradisjon er.

Og i tillegg, dei kom ikkje herfrå: Martin Luther frå ei gruvefamilie i Tyskland, Hans Nilsen Hauge frå enkle kår frå Østfold og Olav var i fleire år politisk flyktning i Gardarriket.

Kor er det? Det er det gamle Kyiv- riket, i eit område no mange flyktar *frå*.

.

Einheita er ikkje lokal og begrensa, men noko som skjer i heile verda. For som vi hørde frå Efesebrevet: « Altså er dere ikke lenger fremmede og utlendinger, men dere er de helliges medborgere og tilhører Guds familie.»

Ikkje framande og utlendingar. Det gjeld også oss som lever her oppe langt mot nord, heilt i utkanten av det folk trudde var verden i gamle dagar. Og det betyr vel også at vi ikkje skal rekne andre som «framande og utlendingar».

Jesus ber for oss, og no vender han tilbake til opphavet, men disiplane hans og også vi, vennene hans skal være igjen på jorda.

No er det oss, som den kristen mystikaren frå femtenhundretalet (1515–1582) Teresa av Avila uttrykker:

«Kristus, du har ingen annen kropp på jorden enn våre kropp, ingen andre hender enn våre hender.

Ingen andre føtter enn våre føtter.

Det er gjennom våre øyne din medfølelse skuer ut over verden.

Det er ved hjelp av våre føtter du fortsatt kan vandre rundt å gjøre det gode. Det er ved hjelp av våre hender du i dag velsigner mennesker.

Velsign våre sjeler og kropp slik at vi kan være til velsignelse for andre.»

-Veit de kva dag det er i dag?

15. mai, det er den dagen kyrkja feirer minnet om St Hallvard, skytshelgen for Oslo og Oslo bispedømme. Ta det med dykk det i dåpsfølgjet også, dåpsdagen er på St Hallvard dag!

Eg er stolt over skytshelgenen vår. De hugsar historia? Hallvard prøvde å redde ei gravid fattig kvinne som var trua på livet.

Han blei drept av voldsmennene og dei senka liket med ein kvernstein rundt, for at ingen skulle minnes det som skjedde.

Vi minnes St Hallvard. – og

alle som har gått i Oslos gater, om dei har fått «mærker» etter det eller ikkje, har nesten fått eit avtrykk av St. Hallvard gjennom fotsålane.

Vi kan nemlig ikkje unngå å gå på kumlokka der St. Hallvard og legenda er avbilda.

Kumlokka ligg altså under oss, som noko som held oss oppe, som eit felles grunnlag her i byen. Du kan unngå å sjå det, dersom du har blikket festa høgt der oppe, går i dine eigne tankar eller berre ser på smarttelefonen din der du går rundt.

Men etter denne dagen håpar eg du vil sjå det. Og dersom du ser etter St.

Hallvard i bybildet, vil du også sjå andre, gatas folk, kvinns etterkommarar kanskje, einsemd, uro, aleinheit, plaga, kanskje med fortviling og «mærker» (Hamsun) av levde liv i gatene,

og du vil også og det er det merkelege, sjå st.hallvardar av alle kjønn, som kjemper og som er engasjerte, i ein kamp som ikkje kan bli vunne med sverd, økser eller gevær. Ein kamp for menneskeverd og for rettferdig fred, utan å bruke vald.

For - Det er ved hjelp av våre føtter Kristus fortsatt kan vandre rundt å gjøre det gode.

Det er ved hjelp av våre hender du i dag velsigner mennesker.

Velsign våre sjeler og kroppar slik at vi kan være til velsignelse for andre.»  
Amen

La oss fylle oss med følgjande:

Jeg vil min pris frembære,  
o store Gud, til deg!  
Deg være lov og ære  
fordi du kalte meg,  
og talte meg blant dem  
som ved din store nåde  
hos deg har fått sitt hjem.

Hamsuns «Sult» frå 1890 byrkar slik: «Det var i den Tid, jeg gik omkring og sulted i Kristiania, denne forunderlige By, som ingen forlader, før han har faaet Mærker af den.»